

Ein uskedeling, Sølvi Eik, er ein av dei 13 som tidleg søndag morgon starta kryssing av Grønland - i skispora til Nansen!

Sølvi (fødd 1975) er geolog av yrke og busett i Stavanger

Bak turen som blir på rundt rekna 60 mil står Stine Sofies Stiftelse, som har til oppgåve å bekjempe vaksnes vald og overgrep mot born.

Ekspedisjonen har god hjelp av Fram Expedition ved Cecilie Skog, kjent frå mange svært harde ekspedisjonar.

Jentegjengen er godt førebudd på turen, som kan koma til å by på temperaturar heilt ned i 40 grader. Dei har til dømes hatt treningsleir på Haukelisetter.

På grunn av oskenedfallet hadde deltakarane ei utruleg komplisert reise til Grønland, men i går kom dei endeleg i gang. Dei skal vera framme på austkysten 20. mai. Den harde turen for barns rettigheter blir ikkje berre iskald og vindfull, dei som er med skal og tåla ein stigning på over 2000 høgdemeter.

På biletet over er dei 13 deltakarane (Sølvi lengst bak) medan det gamle kartet under viser ruta til Nansen. I store trekk skal deltakarane følgja den. Det såg ut til å spøkje for starten då bagasjen vart forseinka, men likevel dukka opp før dei venta han. Den første dagen vart krona med fint ver og dei gjekk over 6 kilometer gjennom brefallet. Dei er førebels ikkje oppe på platået der dei kan gå i rett linje for å få meir framdrift. Alt utstyret har sålangt fungert

Det blir sendt daglege rapportar frå ekspedisjonen og dei kan ein finna på Stine Sofies Stiftelse.

Av Ola Matti Mathisen